

## **Tilsynsrapport**

sak 2013-01

Oppfølging av sikkerhetstilrådingar  
frå Statens havarikommisjon  
for transport

**Saksnummer** 2013-01

**Arkivnummer** 2013014381

**Dato for tilsynsmøte** 18.–19.03.2013

**Tilsynslag** Bente I. B. Molland, tilsynsleiar  
Nils T. Sperrevik, fagrevisor  
Sverre Slettemark, fagrevisor  
Ida Blomhoff Pedersen, fagrevisor  
Observatør: Bård Gjerde

**Tilsynspart** Styringsstaben i Vegdirektoratet  
Kontaktperson: Lars Aksnes

## Om rapporten

Denne rapporten gjev ei oppsummering frå tilsynsmøtet med Styringsstaben i Vegdirektoratet vedkommande oppfølging av sikkerheitstilrådingar frå Statens havarikommisjon for transport.

Intensjonen med rapporten er ikkje å gje eit utfyllande møtereferat.

Med bakgrunn i tilsynsmøtet har Vegtilsynet gjeve ei tilråding.

Utarbeidd dato: 21.5.2013

Sign.:



Bente I. B. Molland  
tilsynsleiar

Godkjent dato: 21.5.2013

Sign.:



Trude Tronerud Andersen  
direktør

# Innhald

1. Innleiing	4
2. Bakgrunn	5
3. Mål	7
4. Gjennomføring	8
5. Samandrag av dokumentgjennomgang og intervju	9
6. Vegtilsynets vurdering	12
7. Tilråding	14
8. Oppfølging av tilrådingane	15
Vedlegg 1: dokumentunderlag – generelt	16
Vedlegg 2: dokumentunderlag – utvalde sikkerheitstilrådingar	17
Vedlegg 3: deltakarar	18

# 1.

## Innleiing

Vegtilsynet gjennomførte 18. og 19. mars 2013 eit tilsyn der Styringsstaben i Vegdirektoratet var tilsynspart.

Tilsynet vart gjennomført som eit tilsynsmøte. Eit tilsynsmøte er eit formelt møte der formålet er å innhente informasjon og få avklaring om eit konkret tema. Tilsynsmøte vert gjennomført som intervju/samtale, eventuelt med ein innleiande dokumentgjennomgang. Rapportar som vert utarbeidd etter eit tilsynsmøte inneheld ei oppsummering frå tilsynsmøtet med samandrag av avklarte tilhøve, Vegtilsynet si vurdering, og eventuelle tilrådingar. Det vert ikkje presentert tilsynsfunn med bakgrunn i eit tilsynsmøte.

Dersom det er utarbeidd tilrådingar, skal tilsynspart kome med tilbakemelding på korleis desse vil verte handtert, saman med ein tidsplan for gjennomføring av eventuelle tiltak.

## 2. Bakgrunn

Tilsynssaka omhandlar Statens vegvesen si *oppfølging av sikkerhetstilrådingar frå Statens havarikommisjon for transport*, og er ein del av temaet *Overordna sikkerheitsstyring* i Vegtilsynet sitt tilsynsprogram.

Vegtilsynet skal ifølgje instruksen føre tilsyn med at krav om tryggleik knytt til riksveginfrastrukturen er teke i vare av Statens vegvesen. Formålet til Vegtilsynet er å betre tryggleiken for transport på offentlig veg ytterlegare i tråd med nullvisjonen og nasjonalt fastsette mål. I samsvar med instruksen er Vegtilsynet bygd opp som eit risikobasert systemtilsyn og fører tilsyn med om styringssystemet til Statens vegvesen er effektivt og formålstenleg. Det er difor viktig for Vegtilsynet å sikre at Statens vegvesen sitt styringssystem, medrekna kvalitetssystemet, vert kontinuerleg forbetra, og at ny kunnskap om tra-

fikksikkerheit vert implementert i systemet og i organisasjonen. Rapportane og sikkerhetstilrådingane frå SHT kan representere slik ny kunnskap, og det er viktig at sikkerhetstilrådingane vert følgt opp slik at dei får den tiltenkte effekten, som er å betre trafikksikkerheita.

Ifølgje *Instruks for Statens vegvesen* skal Vegdirektoratet «bistå og sørge for at etaten følger opp sikkerhetstilrådingar» frå Statens havarikommisjon for transport (SHT). Statens vegvesen har utarbeidd ein prosess i sitt kvalitetssystem, *Samarbeid med SHT*, som har til hensikt å «sikre samhandling med veiseksjonen i Statens havarikommisjon for transport». Kvalitetssystemet er ein del av Statens vegvesen sitt styringssystem, og set interne krav til korleis ulike arbeidsprosessar skal utførast. Statens vegvesen, ved Styringsstaben i

Vegdirektoratet, har vidare utarbeidd *Rutiner for samhandling med Statens Havarikommisjon for Transport (SHT), rutiner for bistand til deres undersøkelser og prosess for lukking av sikkerhetstilrådingar*. I tillegg har Statens vegvesen og SHT inngått ein samarbeidsavtale i samband med vegtrafikkulukker.

Samferdsledepartementet har gjeve felles retningslinjer for utforming og oppfølging av sikkerhetstilrådingar frå SHT. Desse gjeld for SHT, Luftfartstilsynet, Statens jernbanetilsyn, Vegdirektoratet og Sjøfartsdirektoratet, i den grad dei ikkje er i strid med aktuell lovgiving på det enkelte området. Samferdsledepartementet har òg fastsett prosedyre for oppfølging av sikkerhetstilrådingar frå SHT i vegsektoren. Av retningslinjene går det mellom anna fram at Statens vegvesen har fått ansvar for å følgje

opp kvar enkelt sikkerheitstilråding, uansett om sikkerheitstilrådinga frå SHT er retta til Statens vegvesen eller andre etatar, organisasjonar og verksemdar m.m. Denne tilsynssaka gjeld berre sikkerheitstilrådingar retta til Statens vegvesen, og berre sikkerheitstilrådingar som gjeld veg og veginfrastruktur, sidan Vegtilsynet sitt mandat berre omfattar desse. Sikkerheitstilrådingar som gjeld trafikanter og køyretøy er difor ikkje ein del av tilsynssaka.

SHT si verksemd har omfatta undersøkingar av ulukker og uhell i vegsektoren sidan 1. september 2005, og vegavdelinga i SHT har kome med fleire rapportar og sikkerheitstilrådingar. Hovuddelen av dei granska ulukkene er møteulukker og utforkøyringsulukker. Av heimesida til SHT går det fram at det vert retta eit «særleg fokus på alvorlige ulykker som involverer tunge kjøretøy og busser, samt alvorlige ulykker knyttet til transport av farlig gods og tunnel». Vidare er det uttalt at eit «hovedmål er å undersøke ulykker med stort skadepotensial og/eller læringspotensial for trafiksikkerhet».

SHT skal gjennom sine undersøkingar «klarlegge hendelsesforløp og årsaksfaktorer knyttet til visse kategorier trafikkulykker og trafikkuhell med formål å forbedre trafiksik-

kerheten», jf. § 3 i *forskrift 30. juni 2005 om offentlige undersøkelser og om varsling av trafikkulykker mv.*

Rapportar som SHT utarbeider etter ei undersøking skal gjere greie for hendingsgangen, og inneheld ein uttale om årsaksforholda, jf. § 12 andre ledd fyrste setning. Rapportar skal, så langt det er formålstenleg, innehalde SHT sine eventuelle sikkerheitstilrådingar «om tiltak som bør treffes eller vurderes med henblikk på å hindre lignende ulykker eller uhell i fremtiden», jf. § 12 andre ledd andre setning. Av *Instruks for Statens havarikommisjon for transport* punkt 2, går det fram at formålet med undersøkingane til SHT er å «utrede forhold som antas å ha betydning for forebygging av transportulykker». I punkt 4 er det presisert at sikkerheitstilrådingane skal gjelde «forhold som tiltakshaver bør vurdere å rette på for å hindre nye tilfeller av samme eller lignende art, men uten å skissere konkrete løsnings». Sikkerheitstilrådingane vert sendt til Samferdsledepartementet, som deretter sender dei til Statens vegvesen for vidare oppfølging før dei vert lukka.

# 3. Mål

Målet for tilsynet var å undersøke i kva grad Statens vegvesen følger opp sikkerheitstilrådingar frå SHT i samsvarende med fastsette krav.

## 4.

# Gjennomføring

Vegtilsynet sendte varsel om tilsyn 4. februar 2013. Varsel om tilsyn vart i utgangspunktet sendt til Trafikksikkerhet, miljø- og teknologiavdelingen i Vegdirektoratet. Grunna tilbakemeldingar frå denne avdelinga vedkommande ansvarsforhold, vart det sendt revidert varsel til Styringsstaben 28. februar 2013.

Fordi fleire avdelingar i Vegdirektoratet deltek i arbeidet med oppfølging av sikkerheitstilrådingane frå SHT, har likevel tilsette i Trafikksikkerhet, miljø- og teknologiavdelingen og Veg- og transportavdelingen blitt intervjuet, i tillegg til tilsette i Styringsstaben.

Vegtilsynet har fått tilgang til Statens vegvesen sitt kvalitetssystem og anna dokumentasjon, og nytta dette under førebuinga av tilsynet. Utgangspunktet for førebuinga var føringar gjeve i *Instruks for Statens vegvesen* og i prosessen *Samarbeid med SHT*.

Som grunnlag for ein dokumentgjennomgang før intervjuet, vart

tilsynspart beden om å komme med ei tilbakemelding på eventuelle eksterne og interne dokument utover Instruks for Statens vegvesen og prosessen Samarbeid med SHT, som legg føringar for eller regulerer Statens vegvesen si oppfølging av sikkerheitstilrådingar frå SHT.

Vidare vart tilsynsparten beden om å sende dokumentasjon som syner korleis Statens vegvesen har følgd opp enkelte sikkerheitstilrådingar som er gjeve for riksveg, og dokumentasjon på korleis tiltaka er gjennomført.

Oversikt over tilsendt dokumentasjon ligg i vedlegg 1 og vedlegg 2.

Ytterlegare avklaringar i tilsynsaka fekk Vegtilsynet under intervjuet på tilsynsmøtet.

Eit utkast til rapport vart lagt fram for tilsynspart 30. april 2013, med frist for å gje tilbakemelding på faktafeil i utkastet. Tilsynspart har innan fristen gitt slik tilbakemelding, og dette er innarbeidd i rapporten.

Tilsynspart har gjeve tilsynslaget nødvendig tilgang til dokument, lokale og personell, og lagt alle forhold til rette for ei effektiv gjennomføring av tilsynet.



# 5.

## Samandrag av dokumentgjennomgang og intervju

### Føringar for oppfølging av sikkerheitstilrådingar

Samferdsledepartementet har etablert prosedyrar og retningslinjer for oppfølging av sikkerheitstilrådingar gjeve i rapportar frå SHT. Gjeldande prosedyrar og retningslinjer beskriv korleis SHT skal utforme sikkerheitstilrådingane, korleis sikkerheitstilrådingane skal følgjast opp av ansvarleg myndigheit, og korleis dei vert lukka i møte med departementet.

Styringsstaben i Vegdirektoratet har utarbeidd interne rutinar for å klargjere samhandlinga med SHT i Statens vegvesen. Her vert prosedyrane som er regulert i *lov 18. juni 1965 nr. 4 om vegtrafikk* og i *forskrift 30. juni 2005 om offentlige undersøkelser og om varsling av trafikkulykker mv.* og dei administrative prosedyrane som er fastsett i samarbeid med SHT, klargjort.

Prosesen i Statens vegvesen sitt kvalitetssystem kalla Samarbeid med SHT vart utarbeidd før omorganisering av Statens vegvesen i 2010,

og samsvarar ikkje med gjeldande interne rutinar. Det er sett i gang eit arbeid med å revidere prosessen, som er forventa gjort ferdig i inneverande år. Leiar av Styringsstaben vil mest sannsynleg verte prosesseigar for denne prosessen.

### Prosesen fram til og med lukking

Før endeleg rapport basert på undersøkinga frå SHT vert offentleggjort, mottar Statens vegvesen rapporten til høyring. Her vil Statens vegvesen få høve til å kommentere innhaldet i rapporten og kvalitetssikre bruken av opplysningar gjeve av Statens vegvesen.

I dei tilfella der SHT utarbeider sikkerheitstilrådingar, vil Statens vegvesen verte invitert til eit tilrådingmøte. Slike møte vert normalt gjennomført før utkastet til rapport vert sendt på høyring. Desse møta skal sikre eins forståing av sikkerheitstilrådingane, og at dei kan følgjast opp på ein formålstenleg måte.

Når endeleg rapport er offentleg-

gjort, mottar Statens vegvesen sikkerheitstilrådingane frå Samferdsledepartementet med oppdrag om å følgje dei opp.

Det er Styringsstaben som har det overordna ansvaret for den administrative oppfølginga av sikkerheitstilrådingar fram til dei vert lukka av Samferdsledepartementet. Trafikksikkerhetsseksjonen i Trafikksikkerhet, miljø- og teknologiavdelingen hjelper til i dette arbeidet. Når Styringsstaben får sikkerheitstilrådingane frå departementet, vert dei fordelt vidare til aktuell avdeling i Vegdirektoratet som har ansvar for å utarbeide forslag til lukking for dei enkelte tilrådingane. Sikkerheitstilrådingar som gjeld veg og veginfrastruktur vert sendt frå Styringsstaben til Veg- og transportavdelinga. Leiar for avdelinga avgjer kva seksjon som skal få arbeidet med å utarbeide forslag til lukking, ut frå innhaldet i den enkelte sikkerheitstilrådinga. I intervjuet kom det fram at denne fordelinga vert gjort etter ei vurdering av den enkelte

tilrådinga. Det er ikkje beskrive rutinar for kva vurderingar som skal ligge til grunn for tildeling til ein bestemt seksjon, eller korleis tildelinga skal føregå. Det vart opplyst at erfaring så langt viser at det klart kjem fram kva seksjon som bør handsame tilrådinga.

Vidare kom det fram under intervju at vedkomande som har ansvar for å utarbeide forslag til lukking, sjølv må vurdere eigna framgangsmåte og arbeidsmetode. Det er ikkje beskrive rutinar for dette.

Statens vegvesen sine forslag til lukking av sikkerheitstilrådingar vil i all hovudsak enten

- beskrive tiltak som allereie er gjennomført,
- beskrive tiltak som vert føreslått gjennomført, eller
- innehalde forslag om at tiltak ikkje vert gjennomført, med grunngjeving.

Når det er utarbeidd forslag til lukking, vert det sendt til leiar for Veg- og transportavdelinga for godkjenning. Deretter vert forslaget sendt til Styringsstaben, som saman med fagpersonar frå Trafikksikkerhetsseksjonen førebur oversending av forslaget til Samferdsledepartementet. To gonger i året sender Styringsstaben ein statusrapport for lukking av tilrådingane til Samferdsledepartementet. Samferdsledepartementet inviterer til eit eige lukkingmøte to gonger i året. På desse møta har Styringssta-

ben og Trafikksikkerhetsseksjonen delteke, men dette skal endrast til at ansvarleg avdeling for ei tilråding òg skal delta. Styringsstaben avgjer om det er andre som bør delta.

Ei eventuell lukking vert gjort på bakgrunn av Statens vegvesen si beskriving av føreslåtte tiltak, og plan for gjennomføring, slik det går fram av statusrapportane. Dersom Samferdsledepartementet ikkje finn grunnlag for å lukke sikkerheitstilrådinga, vert sikkerheitstilrådinga sett til observasjon. Sikkerheitstilrådingar som vert sett til observasjon, vert tatt opp på seinare lukkingmøte. Samferdsledepartementet har i retningslinjene for utforming og oppfølging av sikkerheitstilrådingar avklart kva måtar ei lukking kan skje på:

- «I noen tilfeller vil oppfølging kreve at ansvarlig tilsynsmyndighet endrer sin tilsynsvirksomhet og endrer sitt regelverk. I disse tilfellene kan sikkerhetstilrådingen lukkes når endringen er gjennomført evt. sendt på høring.
- I andre tilfeller vil oppfølging kreve at operatører som tilsynsmyndigheten fører tilsyn med, gjennomfører tiltak. I disse tilfellene kan sikkerhetstilrådingen lukkes når operatøren har gjennomført tiltak eller når konkret og realistisk plan som er kontrollerbar for tilsynsmyndigheten, foreligger.
- I tilfeller hvor oppfølging krever at departementet eller andre myndig-

heter gjennomfører tiltak, kan sikkerhetstilrådingen lukkes når myndigheten har gjennomført tiltak.

- I tilfeller hvor oppfølging krever at internasjonale organ eller operatører/produsenter i andre land gjennomfører tiltak vil sikkerhetstilråding kunne lukkes når saken er oversendt rette instans.
- I alle ovennevnte tilfeller vil sikkerhetstilrådingar kunne lukkes på bakgrunn av en vurdering om at tilrådingen ikke tas til følge. Det skal da foreligge en adekvat begrunnelse fra ansvarlig tilsynsmyndighet som ansvarlig departement slutter seg til.»

Sikkerheitstilrådingar som er lukka av Samferdsledepartementet, vert ikkje kommentert i seinare lukkingmøte. Departementet mottek ikkje dokumentasjon på at tiltak er gjennomført eller på effekt av gjennomførte tiltak.

### Implementering av tiltak

Når ei sikkerheitstilråding er lukka, er prosessen for oppfølging av sikkerheitstilrådingar ovanfor Samferdsledepartementet avslutta. Ansvar for vidare oppfølging ligg ikkje hjå Styringsstaben. Det er andre einingar og andre mekanismar i Statens vegvesen som overtek ansvaret for implementering av tiltaket. Korleis eit tiltak skal implementerast i organisasjonen er verken beskrive i dei interne rutineane for oppfølging av sikkerheitstil-

rådingar eller i prosessen *Samarbeid med SHT* i kvalitetssystemet. I intervju vart det opplyst at allereie etablerte rutinar for til dømes endring i handbok eller prosess vert nytta. Det vart ikkje avklart kven som har det overordna ansvaret for at tiltaka vert implementert.

### **Evaluering av tiltak**

Gjennomførte tiltak vert ikkje systematisk evaluert. Det vert heller ikkje målt kva effekt tiltaket eventuelt har hatt, og om det har skjedd ei organisatorisk læring i Statens vegvesen. Det er heller ikkje etablert rutinar for dette.

### **Tilsendt dokumentasjon for utvalde tilrådingar**

Når det gjeld tilsendt dokumentasjon for dei utvalde sikkerheitstilrådingane, synte denne berre forslaga til lukking og status for lukking av sikkerheitstilrådingane. Fire av dei fem sikkerheitstilrådingane er per i dag lukka. Tilsynspart la ikkje fram dokumentasjon som kunne syne korleis tiltaka er implementert.

## 6.

# Vegtilsynets vurdering

Gjennom dokumentgjennomgang og intervju har Vegtilsynet fått god oversikt over korleis Statens vegvesen følgjer opp sikkerheitstilrådingar frå SHT, og kva system som er etablert for å sikre gjennomføring av dette arbeidet. I det følgjande vil Vegtilsynet trekke fram dei viktigaste tilhøva som vart avklart i tilsynssaka.

### **Proessen fram til og med lukking**

Tilsynssaka avklara kva roller og ansvar avdelingane i Vegdirektoratet har i arbeidet med å følgje opp sikkerheitstilrådingar, og då særleg Styringsstaben. Styringsstaben sitt ansvar for oppfølging gjeld i utgangspunktet fram til sikkerheitstilrådinga er lukka.

Tilsynsmøtet har vist at Samferdsledepartementet sine retningslinjer for oppfølging av sikkerheitstilrådingar fram til lukking vert følgt av Statens vegvesen. Vidare har Vegtilsynet fått stadfesta at Statens vegvesen har utarbeidd interne rutinar for oppfølging av sikkerheitstilrådin-

gar fram til lukking, og at desse vert følgt. Rutinane beskriv dei overordna arbeidsoppgåvene til avdelingar i Vegdirektoratet og tilhøvet til Samferdsledepartementet og SHT. Etter Vegtilsynet sitt syn inneheld ikkje desse rutinane ei tilstrekkeleg detaljert beskriving av arbeidet som skal gjerast internt i Statens vegvesen når eit forslag til lukking av sikkerheitstilrådinga skal utarbeidast. Dette gjeld særleg prosessen for å avklare kven som skal utarbeide forslaget, samt kva arbeidssett som skal nyttast og kva vurderingar som må gjerast når ansvarleg skal utarbeide forslaget. Med bakgrunn i dette vurderer Vegtilsynet at det er uklart om dagens rutinar sikrar tilfredsstillande oppfølging av sikkerheitstilrådingar frå SHT.

### **Implementering og evaluering av tiltak**

Etter at ei sikkerheitstilråding er lukka av departementet, har tilsynssaka vist at verken retningslinjene frå departementet, dei interne ruti-

nane eller prosessen i kvalitetssystemet beskriv korleis eit tiltak skal implementerast i organisasjonen. Det er ikkje tydeleg definert kven som har det overordna ansvaret for gjennomføringa. Slik Vegtilsynet har forstått det, vert tiltak som skal gjennomførast med bakgrunn i sikkerheitstilrådingar frå SHT handtert på lik linje med andre innspel til endringar i organisasjonen. Det vert ikkje føretatt ei vurdering av om tiltaka er sikkerheitskritiske og difor bør vera underlagt eit eige regime for å sikre gjennomføring. Det er vidare ikkje etablert faste rutinar for å forvise seg om at tiltaka er implementert og viser att i praksis. Det vert heller ikkje gjennomført ei evaluering av tiltaka eller måling av effekt.

### **Tilsendt dokumentasjon for utvalde tilrådingar**

Når det gjeld tilrådingane som vart vald ut i samband med tilsynssaka, mottok ikkje Vegtilsynet dokumentasjon som kunne synleggjera korleis

tiltaka vart gjennomført. Vegtilsynet har difor i utgangspunktet ikkje grunnlag for å vurdere i kva grad tiltaka er implementert i organisasjonen. Vegtilsynet ynskjer likevel å kommentere to av tilrådingane.

I tilråding 2008/01T vart det tilrådd at Statens vegvesen «klargjør retningslinjer for ivaretagelse av sikkerheten ved sammenkobling av nye og eksisterande veianlegg og midlertidige veiløsninger». Tiltaket som gav grunnlag for lukking gjekk ut på å ta i bruk enkelte delar av ei handbok og gjere denne betre kjend i organisasjonen. Denne handboka er rettleiande, og ikkje definert som eit intert krav. Ei ulukkesanalysegruppe i Statens vegvesen utarbeidde på bakgrunn av ei dødsulukke i 2012 ein rapport som syntte at medverkande årsak til ulukka var manglande sikkerheit ved samankopling mellom ny og eksisterande veg. Dette er eit døme på at eit tema som er omtalt i ein rapport og sikkerheitstilråding frå SHT, seinare vart tema i ulukkesrapportar frå ulukkesa-

nalysegruppene til Statens vegvesen.

I tilråding 2008/02T vart det tilrådd at Statens vegvesen etablerte rutinar «som sikrer at nye veianlegg alltid overleveres med trafikksikkerhetsgjennomgang før det åpnes for trafikk». Tiltaket som gav grunnlag for lukking gjekk ut på å revidere ei handbok og gje opplæring i denne i organisasjonen. Vegtilsynet si sak 2012-02 *Gjennomføring av trafikksikkerhetsgjennomgang i utbyggingsfasen* gav indikasjonar på at tiltaket ikkje fullt ut var implementert i organisasjonen, ettersom det vart konstatert avvik frå relevante krav i handboka.

### **Sluttkommentar**

Sikkerheitstilrådingar frå SHT vert gjeve for å bidra til organisatorisk læring slik at ein kan hindre liknande ulukker i framtida. Målet for tilsynet var å undersøke i kva grad Statens vegvesen følgjer opp sikkerheitstilrådingar frå SHT i samsvar med fastsette krav. Vegtilsynet har fått stad-

festa at oppfølginga skjer i samsvar med etablerte krav og rutinar, men at det er eit potensial for å forbetre og tydeleggjere desse for å sikre seg organisatorisk læring og få gjennomført endringar som syner att i praksis.

# 7.

## Tilråding

Vegtilsynet viser til vurderingar gjort under punkt 6, og kjem med bakgrunn i dette med følgjande tilråding.

### **Tilråding 2013-01 nr. 1**

Vegtilsynet tilrår at Styringsstaben i Vegdirektoratet sikrar at rutine for oppfølging av sikkerheitstilrådingar frå Statens havarikommisjon for transport vert tydeleggjort, og at det vert etablert tilstrekkelege rutinar for å sikre at tiltak basert på ei sikkerheitstilråding frå SHT vert implementert i organisasjonen. Det bør vurderast om rutine skal beskrive metodar for å evaluere om tiltaket var eigna, og om det vert gjennomført i praksis.

## 8. Oppfølging av tilrådingane

Styringsstaben i Vegdirektoratet skal innan fristen som vert sett i følgjebrev til rapporten, kome med tilbakemelding på korleis tilrådinga vil verte handtert, saman med ein tidsplan for gjennomføring av eventuelle tiltak. På bakgrunn av denne tilbakemeldinga vil Vegtilsynet vurdere vidare oppfølging og lukking av tilrådingane.

## Vedlegg 1: dokumentgrunnlag – generelt

Tilsendte dokument som legg føringer for eller regulerer SVV sin oppfølging av sikkerhetstilrådingar frå SHT:

Område	Tittel	Dato	Avsendar
Prosedyre for oppfølging av tilrådingar	Prosedyre for oppfølging av sikkerhetstilrådingar frå Statens havarikommisjon for transport på vegsektoren	04.12.2006	Samferdsledepartementet
	Prosedyre for oppfølging av sikkerhetstilrådingar frå Statens havarikommisjon for transport på vegsektoren	28.06.2007	Vegdirektoratet
	Prosedyre for oppfølging av sikkerhetstilrådingar frå Statens havarikommisjon for transport på vegsektoren	20.08.2007	Samferdsledepartementet
Spørsmål om oppfølging av sikkerhetstilrådingar	Seminar om sikkerhetstilrådingar 20.05.09 – oppfølging	05.08.2009	Samferdsledepartementet
	Seminar om sikkerhetstilrådingar 20.05.09 – oppfølging	08.09.2009	Vegdirektoratet
Halvårlige møter	Oppfølging av tilrådingar fra Statens havarikommisjon for transport	02.03.2010	Samferdsledepartementet
Utforming og oppfølging av tilrådingar	Retningslinjer for utforming og oppfølging av sikkerhetstilrådingar	04.06.2010	Samferdsledepartementet
	Retningslinjer for utforming og oppfølging av sikkerhetstilrådingar	07.09.2010	Vegdirektoratet
Interne rutiner i Statens vegvesen	Rutiner for samhandling med Statens havarikommisjon for transport (SHT)	23.04.2010	Vegdirektoratet
	Samarbeidsavtale mellom Statens vegvesen (SVV) og Statens havarikommisjon for transport (SHT) i forbindelse med vegtrafikkulykker	13.10.2011	Vegdirektoratet



## Vedlegg 2: dokumentunderlag – utvalde sikkerhetstilrådingar

Tilråding	Tittel	Dato	Avsendar
Status på tilrådingar fra SHT	Status på tilrådingar frå SHT.xls	–	–
2008/01T og 2008/02T	Oppfølging av sikkerhetstilrådingar frå Statens havarikommisjon for transport på vegsektoren	02.10.2008	Vegdirektoratet
2009/09T	Tilrådingar frå Statens Havarikommisjon for transport – Status for 2009	08.04.2010	Vegdirektoratet
	NA-Rundskriv nr 12/2012 – Om forskrift om sikkerhetsforvaltning av veginfrastrukturen (veg sikkerhetsforskriften) med retningslinjer	17.09.2012	Vegdirektoratet
2010/02T	Rapport (VEI 2010/01) om utforkjøringsulykke med buss på RV71 ved Garnes i Verdal 241107	24.11.2010	Vegdirektoratet
2010/07T	Tilrådingar fra Statens havarikommisjon for transport (SHT) – Status for 2010–2012 mm.	01.10.2010	Samferdsledepartementet
	Samlet sett nasjonale føringer. Vegdirektoratets vurdering og tilråding.	19.04.2012	Vegdirektoratet

## Vedlegg 3: deltakarar

### DELTAKARAR FRÅ VEGTILSYNET

Rolle	Namn	Fagområde
Tilsynsleiar	Bente Irene Berland Molland	Tilsyn
Fagrevisor	Nils Torbjørn Sperrevik	Veg
Fagrevisor	Sverre Slettemark	Veg
Fagrevisor	Ida Blomhoff Pedersen	Juridisk
Observatør	Bård Gjerde	

### DELTAKARAR FRÅ VEGDIREKTORATET

Rolle	Namn	Avdeling
Lars Aksnes	Direktør	Styringsstab
Finn Harald Amundsen	Fagdirektør trafikkssikkerhet	Styringsstab
Guro Raness	Seksjonsleder trafikkssikkerhet	Trafikkssikkerhet, miljø- og teknologiavdelingen
Liv Marie Nygaard	Førstekonsulent	Trafikkssikkerhet, miljø- og teknologiavdelingen
Morten Rannem	Seksjonsleder vegforvaltning og utvikling	Veg- og transportavdelingen
Tor Jakob Smeby	Sjefsingeniør	Veg- og transportavdelingen